

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - Q33	14/645

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2015	Formannskapet	PS	13.05.2015
039/2015	Kommunestyret	PS	19.05.2015

Nordhordlandspakken - justeringar - ny høyring

Vedlegg:

Justeringar i Nordhordlandspakken - høyring (L)(15503)

Vedlegg (L)(15504)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane i Nordhordland har handsama Nordhordlandspakken, kor alle unntatt Meland kommune slutta seg til fylkestinget sitt løysingsforslaget til Nordhordlandspakken. Etter at det ikkje vart tilslutnad frå Meland kommune er det utarbeidd framlegg til nokre justeringar av pakken.

Framlegget til justeringar omfattar følgjande:

1. Auke i investeringsramme med 200 mill. kroner basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente.
2. Fordeling av dei nye investeringsmidlane med 115 mill. kroner til Lindås og 85 mill. kr. til Meland.
3. Prioritering av prosjekt fv. 564 Fløksand-Vikebø opp som nr 2 av prosjekta i Meland.
4. Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt fv. 564 Sandskaret-Holme) opp som nummer 3 av prosjekta i Meland.

Basert på denne skissa til justert pakke vedtok Meland kommunestyre 25. mars å ta opp sak om Nordhordlandspakken som til ny handsaming. Med utgangspunkt i dette vedtaket har styret i Nordhordlandspakken AS søkt Statens vegvesen Region vest om at det vert gjennomført lokalpolitisk behandling av dei justeringane som er føreslegne. Statens vegvesen har tilrådd justeringane det er søkt om, og ber kommunane som er med i Nordhordlandspakken om uttale.

Konklusjon

Viser til skriv frå Statens vegvesen av 10.04.2015 – «Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring», og rår til at Masfjorden kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.

Formannskapet - 056/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes tilrådd overfor kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.

Kommunestyret - 039/2015

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Janne Judit Sandnes, Frp la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg ikkje til den justerte Nordhordlandspakken.

Nordhordlandspakken AS vert lagt ned og vegprosjekta vert oversendt Statens vegvesen og fylke, og bed dei gjennomføra vegprosjekta utan bompengefinansiering.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen og framlegg til vedtk frå Frp vart røysta oppmot kvarandre. Framlegg frå rådmannen vart vedteke mot 2 røyster Frp

KS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.

